# *SEKOM-sekretariat*

***Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn***


## Innkalling til møte i Kontrollutval - Flora kommune

| | |
|---|---|
| **Utval:** | **Kontrollutval - Flora kommune** |
| **Møtedato:** | **15.5.2014** |
| **Møtetid:** | **09:30** |
| **Stad:** | **Møterom: Flora Samfunnshus - Ytterøyane** |
| **Møtenr.:** | **04/2014** |
| **Innkalling:** | **Faste medlemar i utvalet.**<br>**Ordførar i sak 33**<br>**Rådmann sakene 34, 35 og 36. (Evt saman med økonomisjef / rekneskapssjef i sak 36)**<br>**Styreleiar for Havhesten i sak 34** |
| **Melding til:** | Ordførar (møterett), revisor (møterett) og varamedlemar (møter etter nærare innkalling). |

**Dersom du ikkje kan møte, gje melding på e-postadresse: post@sekom.no eller telefon: 975 81 418.**

### SAKLISTE

| | |
|---|---|
| 31/14 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 32/14 | Skriv og meldingar |
| 33/14 | Kontrollutvalet si rolle |
| 34/14 | Havhesten – orientering om vedlikehaldsbehov |
| 35/14 | Barneverntenesta – orientering |
| 36/14 | Årsrekneskapen for 2013 – Flora kommune |
| 37/14 | Oppfølgingsliste 4 – 2014 – Flora kommune |
| 38/14 | Eventuelt |

Bjarne Holme (s)
Leiar

Arnar Helgheim
*SEKOM-sekretariat*


| Postadresse | Kontoradresse | E-post | Telefonnummer | | Org.nr. | Bankgiro |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Postboks 338<br>6802 Førde | Hafstadvegen 42 | post@sekom.no | Arnar Helgheim<br>57 61 27 84<br>975 81 418 | Audhild Ragni Vie Alme<br>57 61 27 85<br>971 70 064 | 987 631 554 | 3705.08.32571 |

## 31/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

| *SEKOM-sekretariat* | |
|---|---|
| **Sakshandsamar**: | Arnar Helgheim |

| **Utval** | **Dato** | **Saksnr.** | **Vedtaksorgan** |
|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Flora | | 31/14 | Ja |

**Vedlegg:**

**Andre dokument (ikkje lagt ved):**

**Tilråding frå SEKOM-sekretariat:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

**Kontrollutvalet si handsaming:**

**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

**Saksutgreiing:**

# 32/14 SKRIV OG MELDINGAR

| *SEKOM-sekretariat* | |
|---|---|
| **Sakshandsamar**: | Arnar Helgheim |

| **Utval** | **Dato** | **Saksnr.** | **Vedtaksorgan** |
|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Flora | 15.5.2014 | 32/14 | Ja |

**Saksvedlegg:**

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**
Skriv og meldingar vert teke til vitande.

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

## 33/14 KONTROLLUTVALET SI ROLLE

| *SEKOM-sekretariat* | |
|---|---|
| **Sakshandsamar:** | Arnar Helgheim |

| **Utval** | **Dato** | **Saksnr.** | **Vedtaksorgan** |
|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Flora | 15.5.14 | 33/14 | Ja |

**Vedlegg:**

**Andre dokument (ikkje lagt ved):**

**Tilråding frå SEKOM-sekretariat:**

**Kontrollutvalet si handsaming:**

**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

**Saksutgreiing:**

Sekretariatet syner til vedtak under eventuelt på førre kontrollutvalsmøte:

> ***KONTRADIKTORISK PRINSIPP***
> *Teke opp skriftleg av nesteleiar Ingvar Torsvik Myrvollen (H):*
>
> > ***Kontradiktorisk prinsipp (jf Store norske leksikon):***
> > *Prosessrettslig grunnsetning som går ut på at begge parter skal ha hatt anledning til å gjøre seg kjent med motpartens anførsler og uttalt seg om disse før dom blir avsagt.*
> >
> > *Bystyremedlem / gruppeleiar for Venstre / hovudutvalsleiar Odd Bovim sa seg i bystyremøte tysdag 1. april 2014: «Vil ikke motsi» - Utsagnet: «Kontradiksjon er eit viktig prinsipp, men ikkje i vårt famøse kontrollutval».*
>
> *Utvalet meiner ein har fulgt opp prinsippet og er undrande til ein slik påstand. Kontrollutvalet skriv til ordførar med kopi til Odd Bovim.*
>
> *Kontrollutvalet viser også til tidlegare ønskje om å sleppe til for å orientere i Bystyret.*
>
> ***Utvalet kallar ordføraren inn til å drøfte kontrollutvalet si rolle i kommunen.***
>
> *Leiar og nesteleiar får mandat til å skrive brev til ordførar.*

På bakgrunn av dette, vert ordførar kalla inn til dette møtet.

## 34/14 HAVHESTEN – ORIENTERING OM VEDLIKEHALDSBEHOV

| *SEKOM-sekretariat* | |
|---|---|
| **Sakshandsamar:** | Arnar Helgheim |

| **Utval** | **Dato** | **Saksnr.** | **Vedtaksorgan** |
|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Flora | 15.5.14 | 34/14 | Ja |

**Vedlegg:**

**Andre dokument (ikkje lagt ved):**

**Tilråding frå SEKOM-sekretariat:**

Orienteringa vert teken til vitande.

**Kontrollutvalet si handsaming:**

**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

**Saksutgreiing:**
Sekretariatet syner til vedtak under eventuelt i førre kontrollutvalsmøte:

> ***HAVHESTEN***
> ***Sak til neste kontrollutvalsmøte:***
> *Kontrollutvalet, i samband med rekneskap for 2012, fatta vedtak om å påpeike manglande vedlikehald. Vi kan ikkje sjå at dette er fulgt opp. Vi vil be om at ordførar tek vedlikehalds-situasjonen m.m. i Havhesten opp som sak i bystyret.*
>
> *Ordlyden frå vedtaket i 2013:*
> *Havhesten er eit teknisk avansert bygg. Kontrollutvalet vil oppmode om at det vert gjort ei ekstern byggvurdering for å få oversikt over vedlikehaldsbehov mm. Dette bør skje som ekstraordinær løyving utanom KF-et sitt ordinære driftsbudsjett.*
>
> *Styreleiar for Havhesten vert kalla inn til neste kontrollutvalsmøte den 15.5.14.*

Styreleiar Halvor Halvorsen vert kalla inn til dette møtet.

## 35/14 BARNEVERNTENESTA - ORIENTERING

| *SEKOM-sekretariat* | |
|---|---|
| **Sakshandsamar**: | Arnar Helgheim |

| Utval | Dato | Saksnr. | Vedtaksorgan |
|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Flora | 15.5.14 | 35/14 | Ja |

**Vedlegg:**

**Andre dokument (ikkje lagt ved):**

**Tilråding frå SEKOM-sekretariat:**

Orienteringa vert teken til vitande.

**Kontrollutvalet si handsaming:**

**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

**Saksutgreiing:**
Sekretariatet syner til vedtak under skriv og meldingar på førre kontrollutvalsmøte:

> *SM 14-14: Kontrollutvalet ber rådmannen følgje situasjonen nøye og komme tilbake med orientering i neste kontrollutvalsmøte. Utvalet ønskjer presentasjon av tiltaktenesta og kva tiltak som er sett i gang for å unngå å bryte lova.*

Rådmannen blir kalla inn til dette møtet. Dersom kontrollutvalet etter orienteringa meiner det er grunnlag for ytterlegare gjennomgang, kan utvalet til dømes rå til at hovudutvalet som har ansvar for området går gjennom situasjonen. Kontrollutvalet kan melde denne tilrådinga til bystyret som har det overordna ansvaret for dei kommunale tenestene.

Frå Flora kommune sine nettsider:

> ***Politisk styring***
>
> *Flora kommune sitt øverste politiske organ er **bystyret**.*
> *Det har 35 representantar fordelt på 7 politiske parti .*
>
> *Kommunen har og eit **formannskap** og **4 hovudutval**:*
>
> - *Helse- og sosialutval ,*
> - *Plan - og miljøutval,*
> - *Kultur- og oppvekstutval og*
> - *Administrasjonsutval.*

## 36/14 ÅRSREKNESKAPEN FOR 2013 – FLORA KOMMUNE

| *SEKOM-sekretariat* | |
|---|---|
| **Sakshandsamar:** | Arnar Helgheim |

| Utval | Dato | Saksnr. | Vedtaksorgan |
|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Flora | 15.5.14 | 36/14 | Nei |
| Formannskapet | | | Nei |
| Bystyret | | | Ja |

**Vedlegg:**
Årsrapport med rekneskap
Revisjonsberetning

**Andre dokument (ikkje lagt ved):**

**Tilråding frå SEKOM-sekretariat:**

Kontrollutvalet meiner at rekneskapen for Flora kommune kan godkjennast slik han ligg føre.

**Kontrollutvalet si handsaming:**

**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

**Saksutgreiing:**

Sekretariatet syner til revisjonsberetninga og rådmannen sin årsrapporet der rekneskapen er med i same dokument.

Kontrollutvalet skal gi uttale til bystyret om årsrekneskap for kommunen og kommunale føretak. Sekretariatet rår til at utvalet tek med revisor si presisering i årsberetninga knytt til budsjettet sin bindande verknad. Dette er ei presisering som ikkje påverkar tilrådinga om at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre.

*UTKAST*

Til
Bystyret i Flora kommune

15.5.14

**FRÅSEGN FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2013 FOR FLORA KOMMUNE**

Årsrekneskapen 2013 for Flora kommune er handsama i kontrollutvalet i Flora den 15.5.14.

Grunnlaget for handsaminga har vore:
- Den avlagte årsrekneskapen
- Årsrapport frå rådmannen
- Revisjonsberetning datert 15.4.14

Etter interne finanstransaksjonar er driftsrekneskapen gjort opp utan meir- eller mindreforbruk. Det er sett av kr 4,728 mill til bufferfond mot budsjettert kr 5,984 mill.

Investeringsrekneskapen er avslutta utan udekka eller udisponert beløp. Flora kommune har brukt kr 78,5 mill i lån til finansiering av investeringar i 2014.

Lov om kommuner og fylkeskommuner §§ 46 og 47, omhandler årsbudsjettet sitt innhald og bindande verknad. I denne samanheng viser vi til dei registrerte avvika som går fram av økonomiske oversikter for drift og investering. Rådmannen har gjort greie for budsjettavvik i årsrapporten for 2013.

Kontrollutvalet meiner at rekneskapen for Flora kommune kan godkjennast slik han ligg føre.

Flora kontrollutval

Bjarne Holme — Ingvar T Myrvollen — Bjørg Mikalsen

Berit Hovland — Eva Richter

**KRYSS Revisjon**
**Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord**

Dagleg leiar/ Revisjonssjef: **Terje Førde,** Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Til Bystyret i Flora kommune
v/Ordføraren

6900 Flora

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmann

| **Dykkar ref.:** | **Vår ref.:** | **Arkivkode:** | **Journalnr.:** | **Dokumentdato:** |
|---|---|---|---|---|
| 31.12.2013 | Flora/rev2013/revberetning2013 | 210&14 | 044/2014 | 15.04.2014 |

# REVISJONSBERETNING TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR FLORA KOMMUNE 2013

## Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Flora kommune for 2013 som er samansett av balanse pr 31.12.2013, driftsrekneskap som viser *eit netto driftsresultat (overskot)* på kr 7 417 346,62. Etter at det er teke omsyn til interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp i balanse. Den balanseførte verdien på disposisjonfond er pr 31.12.2013 på kr 4 728 056,93. I tillegg følgjer investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta pr 31.12.2013, som inneheld ei beskriving av vesentlege nytta rekneskapsprinsipp, og andre noteopplysningar til rekneskapen.

### *Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen*

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleghald eller feil og manglar.

### *Revisor sine oppgåver og plikter*

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krev at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utføring av revisjonshandlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avhenger av revisor sitt skjønn, herunder vurderingane av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, enten det skuldast misligheiter, feil eller manglar. Ved ein slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for føretaket si utarbeiding av eit årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstendigheitene, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av føretaket sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar

*Regionskontor for kommunane:*
Flora, Bremanger
**Flora kommune**, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller 57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48; - evt. mobiltlf. 91 74 20 35

*Hovudkontor/regionskontor for kommunane:*
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
**Førde kommune**, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

*Regionskontor for kommunane:*
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
**Hyllestad kommune**, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 2646 - evt mobiltlf. 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47; - evt. mobiltlf. 47 65 50 93

også ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata som er utarbeida av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og hensiktsmessige som grunnlag for vår konklusjon.

*Konklusjon:*

Etter vår meining er årsrekneskapen avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gjev ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Flora kommune pr. 31.12.2013, og av resultatet for rekneskapsåret som blei avslutta 31.12.2013 i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Norge. Jfr likevel *presisering* nedanfor.

**Uttale om øvrige forhold**

*Konklusjon om årsbudsjett*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som beskrive ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.:

◊ *Presisering:*
*Lov om kommuner og fylkeskommuner §§ 46 og 47, omhandler årsbudsjettet sitt innhald og bindande verknad. I denne samanheng viser vi til dei registrerte avvika som går fram av økonomiske oversikter for drift og investering. Rådmannen har gjort greie for budsjettavvik i årsrapporten for 2013.*

*Konklusjon om årsrapport*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som beskrive ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsrapport om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter *internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk økomomisk informasjon»*, meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk og god bokføringsskikk i Norge.

Florø den 15. april 2014

Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487, 6801 Førde

Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef
Dagleg leiar/Revisjonssjef

Trine Vokuhl
Kommunerevisor I

KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord

**Oppfølgingsliste 3-2014 – Flora.**

**Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Flora kommune**

I kontrollutvalsmøte 29.02.2008 vedtok kontrollutvalet at det fortlaupande skulle hentast inn status i saker som det har handsama. Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

| Saker som er tekne opp | Dato | Merknad | Status |
|---|---|---|---|
| 011/09 Tiltak - kontrollutvalsarbeid | 31.03.09 | | 31.03.09 Vedtak KU – gjennomfør.<br>Orientering frå etatane,<br>Orientering frå revisor<br>Tilsynsrapportar<br>Tertialrapportar<br>Kvalitetsrapportar om Flora. |
| 033/13 Rolla til kontrollutvalet. | 13.05.13 | | 14.05.13 Vedtak KU<br>- Kontrollutvalet ber om å få orientere om rolla til kontrollutvalet i bystyremøtet 17. september 2013.<br>- Jan Fritjof Bernt vert førespurt om han kan stille som føredragshaldar.<br>- Sekretariatet tek kontakt med ordførar og føredragshaldar for å gjere avtalar.<br>- Kontrollutvalet ber om at bystyremøtet vert starta tidlegare enn i utgangspunktet planlagt.<br>04.07.13 E-post til DL – ikkje effektuert |
| 066/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – sakshandsaming, vedtak og svargjeving - Tinging | 24.09.13 | | 24.09.13 Vedtak i KU:<br>- Tinginga for prosjektet "Sakshandsaming, vedtak og svargjeving" vert godkjent.<br>- Tingingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering.<br>- KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte for å gje tilbakemelding på tinginga.<br><br>26.09.13 Tinging sendt til KRYSS-revisjon. |
| 083/13 Prosjektplan, Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Sakshandsaming, vedtak og svargjeving i Flora kommune. | 14.11.13 | | 14.11.13 Vedtak i KU: Kontrollutvalet tek prosjektplanen til vitande. |
| 05/14 Orientering om sektor barn og unge/barnevern | 29.01.14 | | Vedtak: Orienteringa vert teken til vitande. Kontrollutvalet ber rådmannen følgje opp barneverntenesta med omsyn til ressurssituasjon og melde tilbake til kontrollutvalet innan 15. februar 2014.<br>**30.01.14** sendt Flora kommune/rådmannen<br>**25.2.2014 purra e-post.**<br>**KU 24.4.14: Orientering vart lagt fram i SM 14/14**: Kontrollutvalet ber rådmannen følgje situasjonen nøye og komme tilbake med orientering i neste kontrollutvalsmøte. Utvalet ønskjer presentasjon av tiltakstenesta og kva tiltak som er sett i gang for å unngå å bryte lova. |
| 06/14 Medlemsskap i Transparency International | 29.01.14 | | Vedtak: Kontrollutvalet ber SEKOM-sekretariatet utgreie saka meir til kommande møte med tanke på medlemskontigent og nytteverdi. |
| 07/14 Temamøte i Bystyret om kontrollutvalet si rolle | 29.01.14 | | Vedtak: Kontrollutvalet ber om at tema om kontrollutvalet si rolle vert eke opp ved passande høve.<br>**30.01.14** sendt Flora kommune/rådmannen og |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | ordførar<br>25.2.2014 etterspurt i epost, om det er tema på Strategikonferanse 1. april |
| 08/14 Revisjonsrapport – godgjersle av folkevalde i Flora kommune – praktisering av godtgjerslereglement i kommune og føretaka | 29.01.14 | | Vedtak: Det vert vist til revisjonsrapport – «Godtgjering folkevalde i Flora kommune – Praktisering av godtgjerslereglementet i kommune og føretaka.», datert 17.01.2014. Bystyret ber administrasjonen presisere ordlyden i godtgjersleregleme ntet på dei punkt revisjonen peikar på i rapporten, for å unngå ulik praktisering av reglementet.<br>**30.01.14** sendt Flora kommune/bystyret . |
| 09/14 Sluttrekneskap og sluttrapport prosjektnr 78631 Asfaltering 2011. | 29.01.14 | | Vedtak : Kontrollutvalet viser til revisjonsuttale datert 15.01.2014. Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.<br>**30.01.2014** Sendt til Flora kommune/ Formannskap |
| 10/14 Sluttrekneskap og sluttrapport prosjektnr 79544 Resipientundersøkelse for Florø og Brandsøy. | 29.01.14 | | Vedtak: Kontrollutvalet viser til revisjonsuttale datert 15.01.2014. Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.<br>**30.01.2014** Sendt til Flora kommune/ Formannskap |
| 16/14 Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Flora | 24.02.14 | | Vedtak: Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Flora kommune vert godkjent.<br>25.2.2014 sendt Flora kommune/bystyret |
| 17/14 Medlemsskap i Transparency International | 24.02.14 | | Vedtak: Flora kommune melder seg inn i Transparency International.<br>25.2.2014 sendt Flora kommune/bystyret |
| 18/14 Orientering om og omvising ved NAV kontoret | 24.02.14 | | Vedtak: Kontrollutvalet tek informasjonen om NAV-kontoret til vitande. |
| 19/14 Oppfølgingsliste 2-2014 – Flora | 24.02.14 | | Vedtak: Oppfølgingsliste 2-2014 Flora vert teke til vitande. |
| 20/14 Eventuelt. | 24.02.14 | | Vedtak: Kontrollutvalet konstaterer at Flora kommune er medeigar i verksemda Grovastøylen AS, og at det er stilt spørsmål ved om verksemda har eit fungerande styre. Ber difor om at ordførar/rådmann gjere greie for dette til kontrollutvalet.<br>25.2.2014 sendt Flora kommune/rådmannen .<br>**KU 24.4.2014 sak 23/14:** Orientering ved styreleiar Frank Willy Djuvik og rådmann Terje Heggheim. Orienteringa vert teken til vitande. |
| 24/14 Årsrekneskap Flora kjøkkenservice | 24.4.14 | | Vedtak:<br>Kontrollutvalet rår til at rekneskapen for Flora Kjøkkenservice KF vert godkjent slik han ligg føre.<br><br>Kontrollutvalet viser til presisering i revisjonsberetninga om regulering av budsjett når føresetnadane endrar seg. Føretaket bør gå gjennom rutinane sine på dette området.<br><br>29.4.14: Sendt Flora kommune til handsaming |
| 25/14 Årsrekneskap KF Innvandrarsenteret i Flora | 24.4.14 | | Vedtak:<br>Kontrollutvalet rår til at rekneskapen for KF Innvandrarsenteret i Flora vert godkjent slik han ligg føre. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | Kontrollutvalet viser til presisering i revisjonsberetninga om regulering av budsjett når føresetnadane endrar seg. Føretaket bør gå gjennom rutinane sine på dette området.<br><br>29.4.14: Sendt Flora kommune til handsaming |
| 26/14 Årsrekneskap Flora Hamn | 24.4.14 | | Vedtak:<br>Kontrollutvalet rår til at rekneskapen for Flora Hamn KF vert godkjent slik han ligg føre.<br><br>Kontrollutvalet viser til presisering i revisjonsberetninga om regulering av budsjett når føresetnadane endrar seg. Føretaket bør gå gjennom rutinane sine på dette området.<br><br>29.4.14: Sendt Flora kommune til handsaming |
| 27/14 Årsrekneskap Allhuset i Eikefjord | 24.4.14 | | Vedtak:<br>Kontrollutvalet rår til at rekneskapen for Allhuset Eikeford 2013 vert godkjent slik han ligg føre.<br><br>29.4.14: Sendt Flora kommune til handsaming |
| 28/14 Årsrekneskapen Havhesten | 24.4.14 | | Vedtak:<br>Kontrollutvalet rår til at årsrekneskapen 2013 for KF Havhesten Flora kommune vert godkjent slik han ligg føre.<br><br>29.4.14: Sendt Flora kommune til handsaming |
| 29/14 Oppfølgingsliste 3 | 24.4.14 | | Vedtak:<br>Oppfølgingsliste 3 – 2014 Flora vert teke til vitande. |
| 30/14 Eventuelt<br>Havhesten | 24.4.14 | | Vedtak:<br>**Sak til neste kontrollutvalsmøte:**<br>Kontrollutvalet, i samband med rekneskap for 2012, fatta vedtak om å påpeike manglande vedlikehald. Vi kan ikkje sjå at dette er fulgt opp. Vi vil be om at ordførar tek vedlikehalds-situasjonen m.m. i Havhesten opp som sak i bystyret.<br><br>Ordlyden frå vedtaket i 2013:<br>*Havhesten er eit teknisk avansert bygg. Kontrollutvalet vil oppmode om at det vert gjort ei ekstern byggvurdering for å få oversikt over vedlikehaldsbehov mm. Dette bør skje som ekstraordinær løyving utanom KF-et sitt ordinære driftsbudsjett.*<br><br>Styreleiar for Havhesten vert kalla inn til neste kontrollutvalsmøte den 15.5.14. |
| 30/14 Eventuelt<br>Kontradiktorisk prinsipp | 24.4.14 | | Vedtak:<br>Teke opp skriftleg av nesteleiar Ingvar Torsvik Myrvollen (H):<br><br>***Kontradiktorisk prinsipp (jf Store norske leksikon):***<br>*Prosessrettslig grunnsetning som går ut på at begge parter skal ha hatt* |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | *anledning til å gjøre seg kjent med motpartens anførsler og uttalt seg om disse før dom blir avsagt.*<br><br>*Bystyremedlem / gruppeleiar for Venstre / hovudutvalsleiar Odd Bovim sa seg i bystyremøte tysdag 1. april 2014: «Vil ikke motsi» - Utsagnet: «Kontradiksjon er eit viktig prinsipp, men ikkje i vårt famøse kontrollutval».*<br><br>Utvalet meiner ein har fulgt opp prinsippet og er undrande til ein slik påstand. Kontrollutvalet skriv til ordførar med kopi til Odd Bovim.<br><br>Kontrollutvalet viser også til tidlegare ønskje om å sleppe til for å orientere i Bystyret.<br><br>**Utvalet kallar ordføraren inn til å drøfte kontrollutvalet si rolle i kommunen.**<br><br>Leiar og nesteleiar får mandat til å skrive brev til ordførar. |

Oppdatert 30.4.2014 ARH

# 38/14 EVENTUELT

| *SEKOM-sekretariat* | |
|---|---|
| **Sakshandsamar**: | Arnar Helgheim |

| Utval | Dato | Saksnr. | Vedtaksorgan |
|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Flora | 15.5.14 | 38/14 | Ja |

**Vedlegg:**

**Andre dokument (ikkje lagt ved):**

**Tilråding frå SEKOM-sekretariat:**

**Kontrollutvalet si handsaming:**

**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

**Saksutgreiing:**

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast under denne saka.